

**Rydding langs riksvegen til hausten****02.07.2006**

Bygdeutviklingsprosjektets komite for turisme, kultur og informasjon har laga ei oppstilling over dei stadene komiteen meiner det bør ryddast for vegetasjon langs riksvegen. Ikkje minst ved grensen mot Herøysund og fleire stader utover mot Ljosnes er det fine utsynet mot fjorden nærrast stengt no.

Landbrukskontoret i Rosendal har lansert eit samarbeidsprosjekt for rydding og dei har så smått kome i gang med rydding av nokre mindre partiar mellom Ænes og Sundal. Men planlegginga har teke noko lengre tid enn berekna. Mange avtalar skal gjerast, ikkje minst med grunneigarane, og etter ferien vil dei koma i gang att. Prosjektet er eit samarbeid mellom landbrukskontoret i kommunen og Skogeigarlaget Vest.